

Oppsummering av møte om fellesløsning for kloakk på Sangefjell fredag 21.11.08

Deltakerar:

Sangefjell II: Steinar Gundersen

Sangefjell III: Leif Palmstrøm

Nystølen/Turrhaug: Sven Tore Lien

Frå Ål kommune: Harald Varlid og Reidun Aaker

Forfall:

Sangefjell I: Trond Nespæ

Bakgrunn:

Sangefjell II og III har gamalt, ikkje tilfredsstillande felles gråvassanlegg og har fått pålegg om renovering. Tippen som har vore resipienten for det gamle anlegget er tenkt utnytta til masseuttak. Det er heller ikkje dokumentert at steintippen er eigna som resipient.

Mange hytter i på Sangefjell har ikkje søkt om utsleppsløyve og har ulovleg innlagt vatn med utslepp til tett tank. Andre hytter har avlaupsanlegg med varierende kvalitet. Det vart difor bestemt på møte mellom Ål kommune og representantar frå Sangefjell II og III den 8.8.08 at me skulle kalle inn alle velforeningane på Sangefjell for å drøfte ei felles avlaupsløysing for alle hytter med naturleg fall mot Strandafjorden. Ål kommune skal i løpet av 2009 føre kloakkledning over elva i Kleivi og det er difor mogleg å kunne ta i mot utslepp frå hyttene på Sangefjell i Ål renseanlegg avdeling Sundre. Renseanlegget skal byggast om og kapaisteteten til anlegget skal utvidast.

Velforeningane kan stifte eit selskap for utbygging av felles kloakkledning frå Sangefjell til Kleivi. Dette er ein føremøn då eit slikt selskap kan forhandle seg fram til billigare avtaler med entreprenør og røyrprodusent. Viss kommunen skulle stå som utbyggjar må regelverket for offentlege innkjøp overhaldast og det er vanskeleg å få til spesialavtaler.

Utbyggingselskapet kan oppløysast etter at utbygginga er gjort og Ål kommune har teke over hovudledningsnett.

Vilkåret for at Ål kommune vil ta over drift- og vedlikehaldsansvaret for hovudledningane er at dei er bygde i samsvar med kommunal norm (VA-normen).

Hytteigarar som no planlegg eigne anlegg bør vente og vil heller ikkje få godkjent nye søknadar. Det er ein føresetnad at alle hytter koplar seg på ny felles avlaupsledning. Forprosjektet skal avklare avgrensinga av området der det vert obligatorisk med tilkopling. Ål kommune har verkemiddel for å "tvinge" dei som ikkje frivillig vil delta i utbygginga.

Det må i planleggingsfasa avklarast korleis inntekter av framtidige påkoplingar (nye hytter) skal fordelast mellom Ål kommune og selskapet (dvs eksisterande hytteigarar).

Det er ikkje aktuelt at Ål kommune legg vassledning i same grøft. Det er altså berre snakk om felles kloakkledning.

Kostnadsoverslag:

Kostnaden for kvar einskild hytteigar vert:

$a+b+c-d$ der

a = kostnaden ved planlegging og bygging av hovudledning frå Kleivi og opp Sangelia fordelt likt pr hytteining eksisterande hytter+planlagte nye hytter som kjem

b =anleggstilskot på kr 15 34 pr pe (4.5 pr pr hytte)= kr 15 354.- (skal dekke naudsynt utbygging av kapasiteten ved Ål renseanlegg)

c= kostnaden ved stikkledninga dvs strekninga frå nærmaste hovudledning til hytteveggen for kvar hytte

d= evt deltaking i gravekostnad frå Hallingdal Kraftnett for å legge breidband og straumkablur i same grøft.

Det vil ikkje bli kravd påkoplingsavgift. Påkopla hytter vil måtte betale årleg kloakkavgift som pr i dag er på kr 14,82 pr m³ (etter forbruk) eller kr 3 246,- pr hytte og år (fastpris) til dekking av drifts- og vedlikehaldskostnaden av hovudledningsnett og rensanlegg. Hytter som i dag betaler for tømning av slamavskiljar vil då sleppe denne utgifta i framtida. Kvbar hytteeigar er ansvarleg for drift- og vedlikehald av eigen stikkledning.

Vidare arbeid:

1. Ål kommune v/Harald Varlid ber konsulent Skrindo i Asplan Viak as utarbeide eit forprosjekt som avklarar avgrensing av området, grovskisse til trasear og grov kostnadskalkyle (løpemetervis på stikkledningar og kostnadsestimat på hovudledningsnett)
2. Ål kommune skriv eit formelt brev til hyttevelforeningane med framlegg om at det vert ei fellesløyding for alle hytter med fall mot Strandafjorden. I brevet vert det orientert om dei verkemiddel kommunen har og at det er obligatorisk å delta. Kopi av dette brevet vert sendt grunneigarane med framtidige utbyggingsplanar i området med informasjon om at Ål kommune vil krevja at dei og forpliktar seg til å vera med å koste fellesløydinga for området.
3. Styrene for Velforeningene presenterer saka for sine medlemmer
4. Styrene for velforeningane avklarar eventuell deltaking i prosjektet med Hallingdal Kraftnett
5. Mål om anleggsstart vår 2010

Nytt møte:

etter at rapporten frå forprosjektet er klar.

Ål kommune v/Reidun Aaker sender innkalling i god tid før møtet så snart rapporten frå forprosjektet ligg føre. (Møtet vert kl 13 ein fredag i månadsskiftet jan/feb.)

Ål, den 21.11.08

Reidun Aaker

Leiar av utviklingsavdelinga i Ål kommune